



ÅMLI KOMMUNE
- BYGDA FOR ALLE



Reglement for formannskapet
Vedteke i kommunestyret 26.9.2013, sak K-13/109

INNHOLD:

1	Val og samansetting	3
2	Ansvarsområde	3
3	Saker der utvalet har avgjerdsmakt.....	3
4	Saker der utvalet har ytringsrett	3
5	Mindretalsanke	3
6	Møte	3
7	Sekretariat	4
8	Dokumentinnsyn.....	4
9	Generelt.....	4



1 Val og samansetting

Formannskapet har 7 medlemer med varamedlemer, valde av kommunestyret for den kommunale valperioden. Medlemene i formannskapet skal veljast blant kommunestyret sine medlemer.

Formannskapet veljast ved høvetalsval.

Kommunestyret vel leiar og nestleiar.

Dersom eit medlem fell frå eller blir løyst frå vervet, trer varamedlem frå vedkomande gruppe inn i deira stad i den nummerorden dei er vald. Dersom leiaren fell frå eller blir løyst frå vervet, vel kommunestyret ny leiar jamvel om det er vald nestleiar.

2 Ansvarsområde

Formannskapet skal behandle framlegg til økonomiplan, årsbudsjett og skattevedtak.

Formannskapet er kommunen sitt planutval etter § 3-3 i lov om planlegging og byggesaksbehandling av 27.06.2008.

Formannskapet er etter Forvaltningslova av 10. februar 1967 kommunen sin klageinstans for enkeltvedtak truffe av forvaltningsorgan oppretta i medhald av lov om kommunar og fylkeskommunar, der klageinstansen ikkje ved reglement eller særlov er lagt til andre.

3 Saker der utvalet har avgjerdsmakt

Formannskapet gjer vedtak innanfor den ramme og etter dei retningslinjer som er fastsette i lov, heimla i lov eller vedtekne av kommunestyret, mellom anna det til ei kvar tid gjeldande delegasjonsreglement for kommunen.

4 Saker der utvalet har ytringsrett

Formannskapet har ytringsrett i desse sakene:

- Økonomiplan
- Årsbudsjett
- Skattevedtak

5 Mindretalsanke

I saker der utvalet har fått delegert avgjerdsmakt frå kommunestyret, kan eit mindretal på minst to eller rådmannen krevje at saka blir lagd fram for kommunestyret. Dette gjeld ikkje vedtak utvalet handsamar som klageinstans.

Krav om anke må fremjast før møtet er slutt og protokollerast.

6 Møte

Formannskapet skal ha møte når leiaren meiner det trengst, eller når minst ein tredel av medlemene krev det.

Møteinnkalling skal normalt sendast ut 8 dagar på førehand.

Melding om innkalling skal sendast til medlemer, 1. varamedlem frå kvar gruppering og andre med møterett, samt kunngjerast på kommunen si nettside.

Formannskapet er vedtaksført når minst halvparten av medlemene er til stades. Avgjelder skal ha vanleg fleirtal. Er røystetala like, gjer røysta til leiaren utslaget.

Rådmannen har møte, tale og framleggsrett i formannskapet.

For saker som skal vidare til kommunestyret skal det oppnemnast saksordførar/saksframleggjar.

Formannskapet skal føre møtebok over møta og handsaminga av sakene.

Møteboka skal vere elektronisk.

Leiar har ansvaret for at det vert ført møtebok for formannskapet.

Møteboka skal innehalde opplysningar om:

- tid og stad for kvart møte
- møtande medlemmer
- fråverande medlemmer og møtande varamedlemmer
- sak og tidspunkt der det har vore fråverande og tiltredande møtedeltakarar under møtet
- framsette framlegg og kven som har fremja dei
- vedtak/tilråding i sakene
- avgjerd tatt om dagsorden og voteringar og andre opplysningar som er naudsynte for å vurdere om avgjerd er tatt på lovleg måte
- protokolltilføring i møteboka etter krav frå einskilde medlemmer

Leiaren avgjer om eit krav om protokolltilføyning skal godkjennast. Dersom leiaren avviser kravet, men nokon andre enn den som reiser kravet seier seg usamd i avgjerala til leiaren, skal formannskapet avgjere spørsmålet.

Møteboka skal godkjennast i det påfølgjande møtet i formannskapet.

Møta i formannskapet skal haldast for opne dører dersom ikkje anna følgjer av lovbestemt taushetsplikt.

7 Sekretariat

Rådmannen eller den som møter i formannskapet på vegne av denne, har sekretariatsfunksjonen for formannskapet, møterett og møteplikt og dessutan tale, og framleggsrett i utvalsmøta.

Rådmannen gjer vedtak innanfor nærmare fastlagde rammer og retningsliner så langt han har fått delegert slik avgjerdsmakt.

8 Dokumentinnsyn

Formannskapets medlemmer har tilgang til alle dokument i den kommunale forvaltning etter prinsippet om meiroffentlighet, jfr eige reglement.

9 Generelt

Elles gjeld kommunestyrets reglement så langt det passer.

